Emnenr. 12. Fylke: Aust-Agder.

Emne: Gamal engkultur. Herad: Birkenes

Oppskr. av. Andreas Kopeid Gard: Svaland.
NEG.

Heimelsmann: Thorvald Svaland, f. 1872 på Svaland og bonde dr.

1. Eng er innmark, men slåttene utanfor innmarka heiter skauslåtter. Ordet utslåtter er ikkje brukt. Sjå nedanfor, skilden ekre er gjenlagt åker, og den er ekre til ein pløgjer den att.
Det heiter ~~eit gjenlegg~~ å legge igjen – eit gjenlegg.
Det einaste ordet T. S. kjenner, er tykkeng.
Ordet kjelve er ukjent; voll er ein tørr bakke som det veks fint gras på.
Skauslåttene kunne vera både myr og bakke, og ein brukte bare langorv dr.
2. Dei rydda enga for kvist om våren. Kvisten brende dei opp.
Dei renska bort stein også om våren; den kjørte dei vekk.
Dei rydda ikkje skauslåttene utan når dei hadde skogt tre dr.
3. Kjenner ikkje noko anna middel mot mose enn å pløgja om.
4. Dei har grøfta eng på Svaland så lenge T. S. kan minnast.
Vatning av eng er ukjent.
5. Skauslåttene gjødsla dei ikkje, men enga har dei gjødsla med husdyrgjødsel

16530

så lenge T. S. kan minnast.
Men det var ikkje mykje av gjødsla som kom på enga – det var „ubetydelig", ca. 1/10 av all husdyrgjødsla.
Det var serleg fennårgjødsla dei nytta på enga.
„Me hadde regning på mengda, men eg kan forlade meg ikkje på det."

6. Ukjent.

7. Ja, dei plaserte husa slik at det kunne siga ned på enga – „gjorde helst det, ja".
Etter det eg kunne skjøna, kalla dei væta som sig for søda, f – i allfall tala T. S. om „søda frå en gjøsselplass"
Sjølve siget heitte sødetrekk m. T. S. sa at sødetrekken var det same som døla f, men etter alt å døme døla namnet på den staden der sødetrekken sig.
Ein grov småreuner for å få sødetrekken til å spreie seg.
Den enga som vart gjødsla slik, heitte Døla.
Dei la åkrane slik at det skulle siga frå dei og ned på enga.

8. Dei gjødsla enga om våren.
Dei kjørte gjødsla i vanleg kjerre og spreidde frå kjerra med vanleg greip.
Dei gjorde ikkje noko for å ~~spreida~~ ~~og~~ smuldra gjødsla.

9. Dei let husdyra beita enga om våren til dei greidde seg i skauen, mest sauen.
Det var bare førnauda som gjorde at dei beitte slik, og trudde ikkje det var til bate for enga på nokon måte.
Dei beitte enga om hausten, det var heilt vanleg. Dei skauslåttene som låg nær

16530

nor nok - heimeslåttene - beitte dei også.
Alle engstykke vart beitte - i allfall om
hausten.

9/10 Det vart slutt med vårbeitinga før 1900.
Haustbeiting driv dei med ennå.

11/~~10~~. Det var lite dei gjorde med dette, og dei
gjorde det med rive i tilfelle.

12. Det var vanleg å ha krötra i buhus ~~om~~
om natta når dei gikk på vanlig beite.
Dei tre bruka på ~~ostre~~ vestre garden hadde
same beitehamn før utskiftinga. 2 av bruka
hadde kvar sitt buhus, det tredje bruket
hadde uthusa sine plasert slik at det
høvde best å ta krötera rett inn i
fjøset.
Buhamna låg midt inne i innmarka,
og buhusa låg i grensa mellom to
buhamn og innmarka. Buhusa
vart difor liggjande like opp til garden.
Utskiftinga gjorde ende på den gamle
buhamna. Det vart slutt med dei
gamle buhusa ~~to~~ i 1880-åra. Men då dei
bygde nytt fjøs kring 1930, bygde dei
nytt buhus. Det står ennå.
Det var ikkje buhus ved skauslåttene.
Dei ~~bossa~~ bössa i buhuset, så krötra
stod på tallen. Den brukte dei på åkeren.
Det heitte å ta ut talle", og dei brukte
bare greip til dette. Buhusgjödsla vart
spreidd om våren.

13. Tel bort.

14-18. Grindgang ukjent.

19. stöd f. er ein stad der ein samlast
og mjelke buskapen til middag. Dei kalla
det også buhefte n. Det var mange
slike stöder, og dei hadde namn. På

16530

garden hadde dei Dalkleivstöd, Bukjömstöd (den litle hjuringen best. for der kunne han lauga seg), Blaksmyrstöd (rett innpå jordet), Blautedalstöd, Knutstafjellstöd (der stod det ei stor alm som dei måtte vera varsam med) og Nyklebeistöd. Austre garden hadde like mange. Stödene var ikkje inngjorde.
nepestrod, f – nepehave.
stöl, m = stöd f (?). „Det er innhegning til ukorslags kretur“
20. Ikkje sete i Birkenes.
21. Dei hadde ostle på huset på enga. Fisk og tang er ikkje aktuelle – Svaland er ein heiegard.

Dei vanleg slåtte var på 20-30 mål. Den största var Skarkedalsslåtta, som dei miste ved utskiftinga. Den var nære på 100 mål. Dei slo helvta av den kvart år, slik at heile slåtta vart slått annakvart år. Denne slåtta var både myr og bakkar.

16539